

Eksamen

20.11.2018

NOR1405-NOR1410 Norsk for språklige minoriteter med kort botid i Norge /Norsk for språklege minoritetar med kort butid i Noreg
NOR1049 Norsk som andrespråk, privatister

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timer.
Hjelpemidler	<p>Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.</p> <p>For norsk, samisk, finsk som andrespråk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemidler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.</p>
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker andre kilder enn forberedelsesheftet i svaret ditt, skal de alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om oppgaven	Oppgavesettet har kortsvar og langsvaer. Du skal svare på oppgaven i del A, én av de to oppgavene i del B og én av de fire oppgavene i langsvardelen.
Informasjon om vurderingen	<p>Sensor skal vurdere om du kan</p> <ul style="list-style-type: none">– forstå tekster– skrive stort sett korrekt norsk– skrive tekster som er relevante svar på oppgaven, og som har god struktur og tematisk sammenheng– tilpasse språket til formål og mottaker <p>Karakteren blir satt på grunnlag av hele svaret ditt.</p> <p>Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.</p>

Kortsvarsoppgaver

Legg merke til at det står kommentarer under oppgaveinstruksene. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

Del A

Alle skal svare på del A.

Tekst:

- «Mohamed Fariss er årets Oslo-borger», side 6–7 i forberedelsesheftet

Forklar uttrykkene som er uthevet nedenfor:

- 1 ... mange piler peker i feil retning.
- 2 ... melde seg til en frivillig innsats ...
- 3 Klubben kan skilte med ...
- 4 ... en ildsjel ...
- 5 Tøyens suksess står og faller på ...
- 6 De unge fortjener å bli tatt på alvor ...
- 7 ... har gjort seg fortjent til ...
- 8 ... han ... er et eksempel til etterfølgelse ...

Kommentar: Du skal vise at du forstår uttrykkene slik de er brukt i teksten. Når du forklarer, skal du skrive fullstendige setninger og bruke egne ord.

Del B

Du skal svare på én av oppgavene i del B. Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord. Skriv svaret ditt som en sammenhengende tekst. Bruk nummeret på den oppgaven du har valgt, som overskrift.

Oppgave B1

Tekst:

- Dikt av Sumaya Jirde Ali, side 5 i forberedelsesheftet

Gjør kort greie for temaet og noen av virkemidlene Sumaya Jirde Ali bruker i diktet sitt.

Kommentar: I svaret ditt skal du formulere temaet med egne ord. Bruk relevant fagspråk når du gjør greie for virkemidlene.

Oppgave B2

Tekst:

- Kampanje fra Renovasjonsetaten i Oslo, «4000 liter olje», side 8 i forberedelsesheftet

Gjør greie for formålet med kampanjen, og noen av virkemidlene som er brukt i den.

Kommentar: I svaret ditt skal du vise sammenhengen mellom formålet og virkemidlene. Du skal skrive om både tekst og bilde.

Langsvar

Du skal svare på én av oppgavene. Du skal alltid oppgi nummeret på oppgaven du har valgt. Bli du bedt om å lage overskrift selv, skriver du overskriften under oppgavenummeret.

Oppgave 1

Ta utgangspunkt i én eller flere av tekstene i forberedelsesheftet. Skriv en kreativ tekst om en person som opplever en forandring.

Kommentar: Oppgaven åpner for ulike løsninger, men det skal være tydelig hvilken tekst eller hvilke tekster du tar utgangspunkt i. Du kan for eksempel forme svaret ditt som en novelle, et brev eller et kåseri.

Oppgave 2

Tekster:

- «Mohamed Fariss er årets Oslo-borger» av May Synnøve Rogne og Robert Hoftun Gjestad, side 6–7 i forberedelsesheftet
- L av Erlend Loe, side 7 i forberedelsesheftet

Gjør greie for hva de to tekstene sier om å engasjere seg i samfunnet. Reflekter over hvordan enkeltmenneskers innsats kan føre til positive forandringer i samfunnet.

Kommentar: Oppgaven er todelt, og du skal svare på begge delene. I den første delen skal du skrive om begge de to tekstene. I den andre delen kan du bruke egne idéer, tanker og erfaringer.

Oppgave 3

Tekst:

- «Ungdom lager sitt eget språk i sosiale medier» av Tommas Torgersen Skretting, side 3 i forberedelsesheftet

Ta utgangspunkt i teksten, og gjør greie for noen grunner til at ungdom bruker ord fra andre språk og ulike forkortelser på sosiale medier. Drøft fordeler og utfordringer med at det kommer nye ord og uttrykksmåter inn i det norske språket.

Kommentar: Oppgaven er todelt, og du skal svare på begge delene. I den første delen skal du vise til teksten, men du kan også trekke inn egne eksempler og erfaringer. I den siste delen må du begrunne synspunktene dine.

Oppgave 4

Tekster:

- «Å setje problem under debatt», side 4 i forberedelsesheftet
- *Alberte og Jakob* av Cora Sandel, side 4 i forberedelsesheftet

Georg Brandes skrev: «Det at litteraturen i våre dager lever, viser seg i at den setter problemer under debatt.»

Gjør kort greie for hvilke problemer som settes under debatt i utdraget fra *Alberte og Jakob*. Vurder deretter om det er viktig at litteraturen setter problemer under debatt. Vis til ett eller flere eksempler fra tekster du har lest.

Kommentar: Oppgaven har to deler. I den første delen må du vise til tekstutdraget, og du skal bruke dine egne ord. I den andre delen må du begrunne synspunktene dine. Du kan bruke eksempler fra både nyere og eldre litteratur.

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timar.
Hjelpemiddel	<p>Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.</p> <p>For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillate.</p>
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker andre kjelder enn førebuingssheftet i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om oppgåva	Oppgåvesettet har kortsvar og langsva. Du skal svare på oppgåva i del A, éi av dei to oppgåvene i del B og éi av dei fire oppgåvene i langsvardelen.
Informasjon om vurderinga	<p>I svaret ditt skal sensor vurdere om du kan</p> <ul style="list-style-type: none">– forstå tekstar– skrive stort sett korrekt norsk– skrive tekstar som er eit relevant svar på oppgåva, og som har god struktur og tematisk samanheng– tilpasse språket til formål og mottakar <p>Karakteren blir sett på grunnlag av heile svaret ditt.</p> <p>Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider</p>

Kortsvarsoppgåver

Legg merke til at det står kommentarar under oppgåveinstruksane. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

Del A

Alle skal svare på del A.

Tekst: «Mohamed Fariss er årets Oslo-borgar», side 6–7 i førebuingssheftet

Forklar uttrykka som er utheva nedanfor:

- 1 ... **mange piler peikar i feil retning.**
- 2 ... melde seg til ein **frivillig innsats**, ...
- 3 Klubben kan **skilte med** ...
- 4 ... **ei eldsjel** ...
- 5 Suksessen på Tøyen **står og fell på** ...
- 6 Dei unge fortener **å bli tatt på alvor**, ...
- 7 ... har **gjort seg fortent til** ...
- 8 ... han ... er **eit eksempel til etterfølging** ...

Kommentar: Du skal vise at du forstår uttrykka slik dei er brukte i teksten. Når du forklarar, skal du skrive fullstendige setningar og bruke eigne ord.

Del B

Du skal svare på éi av oppgåvene i del B. Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord. Skriv svaret ditt som ein samanhengande tekst. Bruk nummeret på den oppgåva du har valt, som overskrift.

Oppgåve B1

Tekst:

Dikt av Sumaya Jirde Ali, side 5 i førebuingssheftet

Gjer kort greie for temaet og nokre av verkemidla Sumaya Jirde Ali bruker i diktet sitt.

Kommentar: I svaret ditt skal du formulere temaet med eigne ord. Bruk relevant fagspråk når du gjer greie for verkemidla.

Oppgåve B2

Tekst:

- Kampanje frå Renovasjonsetaten i Oslo, «4000 liter olje», side 8 i førebuingsheftet

Gjer greie for formålet med kampanjen, og nokre av verkemidla som er brukte.

Kommentar: I svaret ditt skal du vise samanheng mellom formålet og verkemidla. Du skal skrive om både tekst og bilete.

Langsvar

Du skal svare på éi av oppgåvene. Du skal alltid føre opp nummeret på oppgåva du har valt. Blir du beden om å lage overskrift sjølv, skal du skrive overskrifta under oppgåvenummeret.

Oppgåve 1

Ta utgangspunkt i éin eller fleire av tekstane i førebuingsheftet. Skriv ein kreativ tekst om ein person som opplever ei forandring.

Kommentar: Oppgåva opnar for ulike løysingar, men det skal vere tydeleg kva for tekst eller tekstar du tek utgangspunkt i. Du kan for eksempel forme svaret ditt som ei novelle, eit brev eller eit kåseri.

Oppgåve 2

Tekstar:

- «Mohamed Fariss er årets Oslo-borger» av May Synnøve Rogne og Robert Hoftun Gjestad, side 6–7 i førebuingsheftet
- L av Erlend Loe, side 7 i førebuingsheftet

Gjer greie for kva dei to tekstane seier om å engasjere seg i samfunnet. Reflekter over korleis innsatsen til enkeltmenneske kan føre til positive forandringar i samfunnet.

Kommentar: Oppgåva er todelt, og du skal svare på begge delane. I den første delen skal du skrive om begge dei to tekstane. I den andre delen kan du bruke eigne idear, tankar og erfaringar.

Oppgåve 3

Tekst:

- «Ungdom lagar sitt eige språk i sosiale medium» av Tommas Torgersen Skretting, side 3 i førebuingsheftet

Ta utgangspunkt i teksten, og gjer greie for nokre grunnar til at ungdom bruker ord frå andre språk og ulike forkortingar på sosiale medium. Drøft fordelar og utfordringar med at det kjem nye ord og uttrykksmåtar inn i det norske språket.

Kommentar: Oppgåva er todelt, og du skal svare på begge delane. I den første delen skal du vise til teksten, men du kan også trekke inn eigne eksempel og erfaringar. I den siste delen må du grunngi synspunkta dine.

Oppgåve 4

Tekster:

- «Å setje problem under debatt», side 4 i førebuingsheftet
- *Alberte og Jakob* av Cora Sandel, side 4 i førebuingsheftet

Georg Brandes skreiv: «Det at litteraturen i våre dagar lever, viser seg i at han set problem under debatt.»

Gjer kort greie for kva problem som blir sett under debatt i utdraget frå *Alberte og Jakob*. Vurder deretter om det er viktig at litteraturen set problem under debatt. Vis til eitt eller fleire eksempel frå tekstar du har lest.

Kommentar: Oppgåva har to delar, og du skal svare på begge. I den første delen må du vise til tekstutdraget, og du skal bruke dine eigne ord. I den andre delen må du grunngi synspunkta dine. Du kan bruke eksempel både frå nyare og eldre litteratur.



Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
utdanningsdirektoratet.no